

Egil Pile - driftsleiar på Selstad, Uskedalen.**26.05.2017**

Egil Pile frå Uskedalen er tilsett som driftsleiar på Selstad sitt nye anlegg på Eidsvik. Pile har lang røynsle og solid kompetanse frå martime næringar, både frå Eidsvik skipsbyggeri og frå Palfinger, Seimsfoss. Egil Pile vil ta til i den nye stillinga 1. august.

Petter Oksholen frå hovudkontoret i Måløy fortel til uskedaen.no at tilsetjinga av 5 notbøtarar er i full gang. Over helga vil alle vera kontakta med tilbod om jobb på Selstad sin avdeling i Uskedalen. På sikt vert det truleg tilsett nokre til på anlegget.

Selstad er ein internasjonal leverandør av utstyr og kompetanse til den martime marknaden. Selskapet har 11 lokasjonar langs kysten. Uskedalen vert nr. 12 i rekkja og ligg lengst sør. Produksjonen er i hovudsak utstyr for oppdretsnæringa og for fiskeindustrien. I tillegg kjem sikkerhetsutstyr, tau og anna utstyr for offshoreverksemdar. Selstad står både for sal og service.

Uskedalen.no vil koma tilbake med bilete når dette føreligg.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal